

GAULAR NÆRINGSILV NÆRBUTIKK

ANNONSE

Opna sjølvbetening - auka omsetning og fleire kundar



GLAD BUTIKKEIGAR: Henny Råheim har gode erfaringar med sjølvbetjent butikk.

Av [Ole Johannes Øvretveit](#)

Publisert: 30.07.24 07:30

[Del](#)

Henny Råheim innførte sjølvbetent butikk på Joker Viksdalen 30. mai. Etter snart to månaders drift har ho berre godt å seie om nyvinninga.

ANNONSE

For abonnentar

- Der vi heile juni i år mot juni i fjor, er omsetninga om lag den same. Men då skal vi hugse på at vêret i juni var veldig därleg, og det har mykje å seie for omsetninga om sommaren, seier Henny Råheim, som driv Joker Viksdalen.

Og det trur vi på. Etter tre timar på «heimekontor» på eit kafébord i butikken har Firdas utsende høyrt språk frå mange land og landsdelar. Det er tydeleg at turistar er ein viktig del av omsetninga sommarstid.

- Likevel hadde vi 170 fleire kundar innom dørene i juni enn i same månad i fjor.

Så langt i juli, derimot, er endringa stor:

- Eg gjekk inn i rekneskapen og sjekka, og frå første til 24. juli har vi hatt over tusen fleire kundar innom enn i same tidsrom i fjor. Omsetninga ser ut til å ha auka med rundt ti prosent sidan vi installerte sjølvbeteninga. Berre sist laurdag hadde vi over hundre kundar innom etter at vi hadde gått klokka fire, seier Råheim.



KASSA: Over kassa heng eit kamera med mikrofon. her kan Henny snakke med kundane heimefrå via ein app. Foto: Ole J. Øvretveit

Sjølvbeteninga fungerer slik at folk «låser seg inn» ved å dra bankkortet sitt i døra. Så forsyner dei seg av det dei skal ha, og slår det sjølv inn i kassa. Ved å skanne kvitteringa låser dei seg ut att. Butikken har opningstid frå 10.00 til 18.00 (16.00), men sjølvbeteninga er open frå 06.00 til 23.00.

- Blir det ikkje mykje svinn? Folk går jo der heilt for seg sjølv og kan taste inn i kassa kva dei vil?

- Nei, eg kan ikkje sjå at svinnet har endra seg. Dessutan er det no ikkje slik at ingen ser kva kundane held på med.

Henny (eller den som er på vakt) har nemleg to appar på telefonen som hjelper dei med å overvake og assistere kundane:

- Den eine appen fungerer slik at eg får eit varsel kvar gong nokon opnar døra. Så har vi 41 overvakingskamera ute og inne, som eg kan følge på telefonen. Kvar einaste hylle i butikken er dekt av kamera. I tillegg har vi ein app som gjeld kassa, slik at vi kan assistere kundar om dei har problem. Der kan vi snakke direkte med dei.



FULL KONTROLL: I taket over Henny Råheim ser du nokre av dei 41 kameraa som overvåkar butikken. Foto: Ole J. Øvretveit

- Men dermed er du jo faktisk på jobb frå klokka seks om morgonen til elleve om kvelden, sjølv om du ikkje er i butikken?

– Ja. Men eg treng ikkje vere på butikken. Tidleg- og seinvaktene fordeler vi mellom oss fire som jobbar her, og dessutan tilbyr firmaet som leverer løysinga å ta vakter for oss når vi treng det. Det har eg nytta meg av nokre gonger i sommar.

Dei aller fleste kundane skjønar fort korleis løysinga fungerer, og har få problem med å gjennomføre ein handel.

– Men enkelte utlendingar synest jo dette er veldig spesielt. Det hender dei blir ståande utanfor døra og lure veldig på kva dei skal gjere. Men då kan vi jo kontakta dei og.

Etter to månaders drift ser konklusjonen ut til å vere at sjølvbeteninga gjer det både lettare og meir lønsamt å drive butikk i utkanten, seier Råheim:

– Heile systemet kosta rundt ein million kroner, men halvparten fekk vi dekka av Merkur-programmet. Det er ei veldig god ordning for oss som har mindre butikkar ute i distriktet. Eg har fått stønad frå dei fleire gonger før. Det er dei som gjer at vi kan utvikle oss og satse litt.

ANNONSE



LES OGSÅ
**Fallskjermhopparar og debatt.
Slik blir Håslåttfestivalen**



LES OGSÅ
**No skal dagsturhytta endeleg
komme på plass**



LES OGSÅ
**Får selje alkohol utan tilsette i
butikken – slik skal det skje**

Les meir om: [Gaular](#) [Næringsliv](#) [Nærbutikk](#)

[Se kommentarer](#)

Fleire saker



BA: Eirik Bakke blir Åsane-trenar

ANNONSE



Slo til mann i rullestol: Nektar å forklare seg til politiet



Opna sjølvbetening - auka omsetning og fleire kundar



Fire månadar sidan ulykka. Endeleg har politiet fått ei viktig brikke på plass



Fullførte historieutdanning og fekk sommarjobb i P3

Kommentarer til denne saken

[Til toppen](#)

Ansvarleg redaktør: Kai Aage Pedersen • Adresse: Storehagen 10, 6800 Førde • Sentralbord: 57833300 • Tipstelefond: 57833333
• Personvernpolicy / Informasjonskapsler • Redaktørplakaten • PFU • Utgitt av Firda Media AS • Annonseinnstiller

Firda © 2024